

Vinter / vår 2005

Arrangement:	Dato:	Mnd:	Ansv:
Kyrkjekonsert m/Kvalheim Songlag	16. 17.	apr.	Styret/Terje
Nasjonaldag	17.	mai	Styret
Tur	27. til 29.	mai	
Sesongavslutning		juni	Styret
Basar med 85-års-feiring	6.	nov.	Styret
Stormfestival 2006	8. 9. og 10.	sep	2006

Betal årskontingent og få Vredens Gnag

Så er det tid for å fornye abonnement på Vredens Gnag som er Torskangerpoll Musikklag si informasjonsavis. For 120 kroner får du denne avisa gjennom heile året. Samstundes støttar du lagets drift. Denne avisa er eit viktig bidrag for drift av Torskangerpoll



Fyll ut vedlagt giro dersom du vil støtte Torskangerpoll musikklag. Arne Øvrelid seier det er mykje matnyttig å sjå i avisa. Både alvor og skjemt.



På kryss og tvers med VG

Prøv VG-kryss Vannrett:

1. Italiensk by
5. Dyr
6. Fall

Loddrett:

1. Dyr
2. Ryke
3. Foredlet korn
4. Det hele (alt)

	1	2	3	4
1				
5				
6				

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Pr. 3

12. årgang

Laussal: Gratis

mars 2005

Kyrkjekonsert

Lørdag 16. april klokka 17.00 arrangerer

Torskangerpoll Musikklag og Kvalheim Songlag kyrkjekonsert i Nord-Vågsøy Kyrkje på Raudeberg.

Dette blir ein spennande

konsert der det blir framført variert program Korpset og koret vil ha sine egne avdelingar. I tillegg blir det fleire nummer med kor og korps saman. Dirigent Lisbeth Våge oppmodar folk om å sette av denne ettermiddagen til ei flott stund med kyrkjemusikk.



Torskangerpoll Musikklag vil ynskje alle ei god påske. Vi oppmodar alle om å betale vedlagt giro, og få Vredens Gnag.

www.torskangerpoll.no

Idar Torskangerpoll som gjesteinstruktør

Nyleg var Idar Torskangerpoll på besøk heime med ho mor, Sigrid i Kjeila. Først var det ein vellukka NUK-konsert. Tirsdag 22. februar så dirigerte Idar på øvinga vår. Det var inspirerande, og Idar sa etter øvinga at det var moro. Onkel Arne var sjølvsgatt på plass på øvinga, og her pratar dei to torskangerpollarane korps med Terje Våge.



Desse firma sponsar oss aldeles ikkje:



Planlegg ny stormfestival



Årsmøtet i Torskangerpoll Musikklag styrer grønt lys til å starte planlegginga av ny stormfestival i 2006. Styret skal i løpet av åren skissere eit opplegg for ein ny festival og komme med forslag om organisering og personar som kan vere i festivalstyret. skal starte i løpet av våren. Korpset skal ta endeleg stilling til om det blir festival på eit medlemsmøte når styret har utarbeida eit opplegg for festivalen. Det er plukka ut ein dato: 8. 9. og 10. september 2006.

Årsmøte i Torskangerpoll Musikklag

Tirsdag 8. mars var det årsmøte i Torskangerpoll Musikklag. Det vart eit ryddig møte der det vart handsama ordinære årsmøtesaker. Val var ein vesentleg del av møtet. Valnemnda hadde klart å finne kandidatane til alle verv. Johan Wåge takka ja til attval som leiar. John Inge Våge gjekk ut av styret, og blei erstatta av Laila Berg. Etter årsmøtet er det desse som har tillitsverv i korpset:



Styret:

Leiar	: Johan Wåge
Nestleiar	: Terje Våge
Styremedlem	: Evy Loen
Styremedlem	: Laila Berg
Styremedlem	: Eli Refvik
1. varamedlem	: Ingunn Kvalheim
2. varamedlem	: Tove Nerland

Øvrige funksjonar:

Noteutval	: John Inge Våge, Erling Wåge, Anne Knotten, Gun-Tove Gursli
Revisorar	: Kåre Våge, Marianne Lund
Valnemnd	: Gun-Tove Gursli, John Inge Våge, Erling Wåge
Husansvarleg	: Arne Øvrelid, John Inge Våge
Uniformsansvarleg	: Gun-Tove Gursli
Materialforvaltar	: Terje Våge
Repr. i Bygdelaget	: Styret vel ein representant

Knallsuksess for Holvik Skulekorps

Holvik Skulekorps og Raudeberg Skulemusikkorps fekk mykje skryt for eit svært velukka Sogn og Fjordane meisterskap sist helg. Med 1000 deltakarar var dette tidenes største mesterskap for skulekorps. Kari Stanæs Refvik, Lisbeth Rønhovde og Gun Tove Gursli var tre av dei som har planlagt mesterskapen. Dette var eit kjempeløft, og i helga var det mange foreldre til musikarar i begge korpsa som gjorde ein kjempejobb. Vi gratulerer med tidenes mesterskap.

